



Leiartroikaen i Nilsen handel har all grunn til å smila. Foto: Ola Matti Mathisen

**Nilsen handel hadde i 2012 eit årsresultat på 1 189 000 kroner etter eit driftsresultat på 1 573 000 kroner. Årsresultatet var omtrent fordobla frå året før då det var 668 000. Omsetnaden for suksessbutikken i Uskedalen kom i 2013 opp i 32 859 000.**

Også i lista over entreprenørane er det tildels positiv lesnad for Uskedalen. Sverre Myklebust Maskinstasjon kom ut med eit årsresultat på 884 000 etter å ha gått i null året før.

På den andre sida endte Byggpartner Kvinnherad med eit årsresultat på minus 1 046 000 etter ein pluss på 654 000 året før.

LAN Bygg fekk 119 000 i minus mot pluss 156 000 i 2011. går det fram av oversikten i Grenda.

Av Ola Matti Mathisen